



Ingvild og Sondre Myklebust gjorde ein flott innsats på sin første seminardag med korpset. Søndag er dei klare for debutkonsert. (Foto: Thor Inge Døssland)

Uskedalen skulemusikk har i denne helga seminar. Etter å ha gjennomført gode øvingsøker lørdag, viser korpset at forma er god til å vera så tidleg i sesongen. Søndag ettermiddag vert seminaret avslutta med ein liten konsert med kake- og dessertbord. Det må vera eit svært godt alternativ på ein ruskete søndagsettermiddag.

Det som vert presentert på konserten er nytt stoff som er øvd inn på to haustmånader. Repertoaret er krevjande, og at dei unge musikarane meistrar det, viser tydeleg at korpset har hatt flott utvikling i tida dei har hatt Anders Christensen som dirigent. To av stykka dei skal spela, vart brukt under Siddis Brass i fjor. Både "Opp i Otta" og det nydelege soliststykket "Blåmann, blåmann" vart då brukt av vaksenkorp på toppnivå. Det er grunn til å vera stolte av at vårt eige skulekorp kan gje seg i kast med slike musikkstykke.

Etter at skulekorpset er ferdig med si konsertavdeling, er det lagt opp til at ein skal kosa seg rundt småborda med kaker, dessertar, kaffi og brus, og ikkje minst god prat.

Ei flott snope- og fruktorg som er gjeven av Spar-butikken, vert trekt ut på inngangsbillettane.

På seminaret i helga har Anders Christensen god hjelp av Marius L. Torjusen og Vibeke Fredheim som instruktørar. Dei melder alle om læringsvillige musikantar med flott innstilling og godt humør.

På seminaret har og dei ansvarlege sytt for god servering med god heimelaga pizza lørdag. Elles var det godt med frukt i pausane.

Sjå elles under ARRANGEMENT på her på uskedalen.no

Av Thor Inge Døssland